

Referat frå styremøte på Statens Hus på Lillehammer 20. januar kl. 10.30 – 16.00.

Deltakarar: Arnfinn Beito, Anne Kari Veikleengen, Bjørn Even Stenberg, Ellen M. Syse, Berit L. Kaltoft, Kjell Ivar Bergehagen, Sidsel Røhnebæk og Pål Kjørstad. Terje Bakken og Tore Krogsveen hadde meldt forfall.

Sak 1/2016: Referatsaker

- Referat frå styremøte 4.11.2015, lagt ut på heimesida.
- Møte med statssekretær Lunde i Klima og Miljødepartementet 5. november 2015
- Dialogmøte med og møte i rovviltnemnda 25. november 2015
- Elektronisk rapportering frå Oppland Radiobjøllelag lagt ut på nettsida
- Evalueringsmøte OB, OBS og OSG på Lillehammer 7. desember 2015
- Søkt om og fått restmidlar frå FKT-midlane til rovviltnemnda i Oppland
- Møte med FM og rovviltnemnda 4. januar 2016
- Infoskriv sendt ut til medlemmane 6. januar 2016, m/ bl.a. innkalling til regionmøter, innkalling til årsmøte, info frå valnemnda og info elektronisk overvaking.
- Elektronisk påmelding til årsmøte og seminar lagt ut på nettsida 7. januar 2016
- Program for årsmøte- og seminarhelga godkjent og produsert
- Møte m/fordrag SNO på Fefor 12. januar 2016
- Møte felles ulveplattform, Blæstad 14. januar 2016
- Referat frå regionmøta 18. og 19. januar 2016
- Møte med faglaga i Oppland 20. januar om reglar for utbygging av driftsbygningar for sau i forhold til Innovasjon Norge.

Sak 2/2016: Årsmelding 2015

Utkastet til årsmeldinga til Oppland Sau og Geit vart lagt fram, gjennomgått og korrekturlest. Den har vorte skriven og utarbeidd etter same lest som i fjor med god hjelp av tillitsvalde i organisasjonen, Sidsel hos FMOP, Terje i avslutvalget, Roy på Bekkevold Lyskopi og med Pål som hovudansvarleg ”journalist og redaktør.” Da Pål får neste utkast frå Bekkevold skal det sendast ut på e-postrunde til styret i OSG og til Nortura ved Erling. Planen vert da å starta trykkinga så snart dei siste annonsane og siste finpussen er på plass. Det blir bestilt 1500 årsmeldingar: ca. 1300 sendes per post (inkludert til alle kommunar i Oppland og 1 eksemplar til NSG), Sidsel får 50 stk. og resten er til utdeling/arkiv.

Annonser/reklame er i år støtta frå: OSID, AS Nessemaskin, Fjøsssystemer, Sparebank 1 Gudbrandsdalen, Telespor AS, Findmysheep, Tine, Nortura, Felleskjøpet, Furuset AS, Fatland, Strand Unikorn, Grobakken (Husdyrssystemer) og Sikringsradion.

Sak 3/2016: Reviderte rekneskap for 2015

Revidert rekneskap for Oppland Sau og Geit, Oppland Radiobjøllelag og Ring 41 vart lagt fram og godkjent for framlegging på årsmøtet i organisasjonen i dei ulike avdelingane. Leif Arne Sandbekken gjorde opp rekneskapet 12/1 i samarbeid med kasserar. Rekneskapet er revidert, og revisjonsrapporten blir ferdig til å setja inn i årsmeldinga.

Sak 4/2016: Årsmøte og seminaret 2015 – følgende vart detaljertplanlagt:

- Gjennomgang av program/fordele oppgaver og ansvar:
- OB, OBS, FM, NSG, Nortura og æresmedlemmar vert inviterte.
- Ønskje velkome i inngangen på hotellet: Berit Leine Kaltoft og Anne Terningen. Desse sørger òg for butikk med NSG-effekter og blomar til
- Arnfinn og dei 2 andre leiarane ønskjer velkome etter ver-ringsmøte fredag
- Bjørn Even ordnar med lokal opning av årsmøtet i OSG kl. 09.00 laurdag
- Ellen leder årsmøte i fylkeslaget og seminar laurdag.
- Arnfinn leder seminaret søndag.
- Gjestar/taletid: Oppland Bondelag, Oppland Bonde- og Småbrukarlag m.fl.
- Sidsel Røhnebæk kjem med innlegg på seminaret søndag.
- Arnfinn ønsker velkome til bords under festmiddagen
- Toastmaster årsmøtemiddag: Torvild Sveen
- Prisutdelingar: ansvarlege: Dei 3 leiarane i fylkeslaga. Erling Skurdal (gjetarhund), Kjell Ivar Bergehagen (verar) og Tore Krogsveen (buk) vert bedne om å koma fram og dela ut desse for Oppland.
- Terje Bakken og Nils Inge Hitland (leder i Hordaland Sau og Geit) vil stå for innlegga på avlsdelen på seminaret fredag.

Sak 5/2016: Innspel til jordbruksforhandlingane 2016

Innspel frå regionmøta, medlemmar og styret. Sekretær syr saman forslaget og sendar det til godkjenning pr. e-post til styret.

Sak 6/2016: Saker frå Ring 41/avlsutvalget

Kjell Ivar Bergehagen møtte i saka i tillegg til Anne Kari, representant frå Ring 41 i styret i OSG. Dei gav tilslutning til at rekneskapet og årsmeldinga for Ring 41 kunne leggjast fram for årsmøtet. Beste ver i Oppland 2015, og beste ver av andre rase i 2015 får premie på årsmøtet, Kjell Ivar er ansvarleg for det.

Sak 7/2016: Geitesaker

Beste bukk i Oppland for 2015 er får premie på årsmøtet. OSG må ordna med premie. Tore er ansvarleg.

Sak 8/2016: Gjetarhundsaker

Fylkesmester i bruk av gjetarhund får premie på årsmøtet. Nortura ordnar med premie. Anne Kari er ansvarleg.

Sak 9/2015: Eventuelt.

Årsmøte Oppland Bonde- og Småbrukarlag vert arrangert same helga som vi har årsmøte, og derfor vert det vanskeleg å møta der.

Årsmøte i Oppland Bondelag vert arrangert 15. og 16. mars, Arnfinn melder på representant. Oppland Sau og Geit hjelper til med rekneskap og bankkonto i forhold til arrangementet NM i saueklipping og ullhåndtering i Ringebu 7. – 8. oktober 2016.

Neste styremøte onsdag 10. februar 2016 på Quality Strand Hotel på Gjøvik.

Lillehammer, 21. januar 2016.

Pål Kjørstad, sekretær